



Til søkjarane på utlyst prekvalifisering

Dato: 05.07.2016  
Vår ref.: 2015/9353-124  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.:

## Bybanekunst prekvalifisering Flesland – vinnar av konkurransen

Vi syner til tidlegare korrespondanse i saka.

Etter prekvalifisering, valde Bybanen sitt kunstutval i møte 28. oktober 2015 å invitera desse fem til lukka konkurranse:

- Azar Alsharif
- Anders Sletvold Moe
- Dyveke Sanne
- Marius Dahl & Jan Christensen
- Stian Ådlandsvik & Lutz-Rainer Müller

Juryen har kåra **Anders Sletvold Moe** til vinnar av konkurransen om kunst på Bybanen sin haldeplass på Flesland.

Juryen sin uttale:

Det er levert 5 særse ulike framlegg med potensiale til å verte interessante kunstprosjekt for Bybanen sitt endestopp på Bergen Lufthavn Flesland. Juryen har gått grundig gjennom alle og vurdert dei ulike aspekta ved dei. Juryen sin konklusjon er basert på ei vurdering av dei kunstnarlege kvalitetane, og ei forsøksvis vurdering av korleis prosjektet vil fungere i samspel med omgjevnadene og dei reisande over mange år. Alle prosjekta vil kunne la seg realisera teknisk og innafør budsjett.

Sjølv om fleire av framlegga har potensiale, skil eitt seg ut som særse godt og velutvikla; prosjektet *Modulære refleksjoner* av Anders Sletvold Moe. Den kunstnarlege idéen er enkel i seg sjølv, med vekt på formmessige variablar og dialog med omgjevnadene. Det viser til - og styrkjer - dei formale og materielle kvalitetane på staden, men evner likevel å vera noko i seg sjølv. Grunna dei blanke platene på skrå ut frå veggjen, vil himmel, nærliggjande arkitektur og omgjevnader spegle seg i verket og bidra til ein langt meir skiftande fargeskala enn det avgrensa fargevalet skulle tilseie. Refleksjon av andre overflater og menneske i bevegelse aktiverer flatane på eit vis som gjev store skilnader i korleis verket framstår frå ein situasjon til ein annan; frå det sobre, stille til det meir bevegelege og fargesterke. Det lange og smale formatet er presist og elegant forma, og gjev verket ei understreking av fart og dynamikk. Juryen meiner dette vil kunne fungere godt for alle brukarar av Bybanen sitt endestopp på Flesland, og at det vil tole gjensyn igjen og igjen. Det vektlegg kvalitet, samanheng og tidløyse, men er og dynamisk og moderne. Verket er teknisk robust, og planane for gjennomføring godt gjennomarbeidde.

Anders Sletvold Moes *Modulære refleksjoner* er vinnar av konkurransen om kunstprosjekt til Bybanen sitt endestopp på Flesland. Vedtaket er samrøystes.

Vi vil takka dykk alle for medverknad og bidrag.

Ronny Skaar  
fylkesdirektør, kultur, idrett

Tone Stedal Haugland  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*